

Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: postmottak@meland.kommune.no - www.meland.kommune.no

KUNNGJERINGAR

■ Godkjente vallister

Valstyret godkjenner i møte 06.05.2015 følgjande vallister til Kommunestyrevalet 2015 i Meland kommune:

Det norske Arbeidarparti
Bygdelista Folkeviljen
Fremskrittspartiet
Høgre
Kristeleg Folkeparti
Miljøpartiet Dei Grøne
Senterpartiet
Venstre

Vallistene med kandidatnamn vert lagt ut på www.meland.kommune.no.
Vallistene vert også lagt ut i resepsjonen på rådhuset.

Valstyret i Meland



Brukarundersøking barnehagane

Meland kommune ynskjer gode tenester for innbyggjarane sine. Difor ynskjer kommunen å ha ei brukarundersøking for foreldre som har barn i barnehagane i Meland. Undersøkinga er planlagt å verte avvikla i løpet av mai månad.

Alle foreldre vil få tilsendt mail med informasjon om undersøkinga. Undersøkinga er frivillig og anonym. Ein svarar elektronisk på spørsmåla. Målet er å få gode tenester og difor håper vi på god deltaking!

Meland bibliotek:

Siste eventyrstund før ferien er tysdag 2. juni kl. 10.30

Bok- og strikkekafe tysdag 12. mai, 26. mai og 9. juni frå kl. 12 -14

Nordhordland Litterære Selskap har møte torsdag 11. juni kl. 19 på Lindås bibliotek i Knarvik. Vi les og snakkar om boka På stedet mil av Ali Smith. Velkommen.

Sommarles 2015 startar 1. juni og heldt fram til 31. august. Kom på biblioteket og få lesepass!

Opningstider frå og med 15. juni til og med 15. august på hovudbiblioteket på Frekhaug
Måndag 14 – 18 / Tysdag 10 – 14 / Torsdag 14 – 18
Rossland avdeling har siste opningsdag 24. juni og opnar att 19. august.

Kultur:

Onsdagsturar heldt fram til og med 24. juni.
Hugs namnekonkurransen! Innleveringsfrist er 15. mai.

Markering 8. mai 2015

Fridomsdagen

Veterandagen

8. mai 2015 vil NHLFF skipe til ei markering av Fridomsdagen og Veterandagen i samarbeid med Meland kommune.

Fyrste del av markeringa ved Meland kyrkje er open for alle. Andre del ved Nordgardsløa er open for alle veteranar som har gjort teneste og som har meldt seg på førehand.

Program for dagen:

16:30: Frammøte ved Meland kyrkje

17:00: Markering ved kyrkja
17:30: Avreise til Frekhaug (eigen transport)
17:45: Markering for påmelde gjester i Nordgardsløa
19:30: Servering av enkel middag og kaffi
21:00: Avslutning

Påmelding til resepsjonen, Meland rådhus – tlf. 5617 10 00.

Kulturprisen!

Meland kommune sin kulturpris skal delast ut kvart fjerde år. Prisen kan delast ut til ein person eller lag/organisasjon med tilknytning til Meland kommune. Kulturprisen vert gjeven for særleg fortjenestfull og aktiv innsats for kulturlivet i kommunen gjennom lengre tid. Det er no høve til å komme med framlegg til kandidater til prisen. Framlegget skal vere begrunna og stilast til Utval for levekår postmottak@meland.kommune.no innan 1. juni 2015.

Kulturskulen

Har du gløymt å sende inn kulturskulesøknad innan 1. mai? Gjer det no!

Meland kulturskule inviterer barn og unge i Meland til opplæring i dans, musikk, teater og visuelle kunsthøgskule - du finn informasjon om tilboda våre på www.meland.kommune.no Vi pleier å få plass til dei aller fleste søkjarane – og dei som søker etter fristen. Velkomen!

Kulturstafett

Laurdag 9. mai inviterer Meland kulturskule til kulturstafett mellom Holmeknappen og Tveit. Vi skipar til framsyningar, utstilling og konsertar i Galleri Rustica, Blåklukka barnehage, Musikkhallen på Holme og Ungdomshuset på Tveit.

Det vert framføringar i alle husa
Kl. 10.00 – ca 10.30 / Kl. 11.00 – ca 11.30
Kl. 12.00 – ca 12.30 / Kl. 13.00 – ca 13.30

Frivilligsentralane i

Nordhordland inviterer til INTERNASJONAL KULTURKVELD

Torsdag 21.05 kl. 19.00. Nordhordlandshallen.
Gratis inngang. Foredrag med Safia Abdi Haase
«Ferdig vandra innvandrar» Kulturinnslag med Chiku Ali.
Lett servering av internasjonal mat i etterkant.



Plan, utbygging og kommunalteknikk

Kunngjering, utbyggingsavtale mellom Meland kommune og Rygir Tomteutvikling AS, Mjåtveitmarka

Utval for drift og utvikling har i møte 28.04.2015, saksnr 31/2015, vedtatt at framlegg til utbyggingsavtale mellom Meland kommune og Rygir Tomteutvikling AS datert 13.3.2015, skal leggjast ut til offentleg ettersyn med 30 dagers frist for merknadar. Endringa gjeld fornying av bustadbyggjetakt samt diverse justeringar i samsvar med saksutgreiinga.
Det er høve til å komme med merknadar til denne.

Utbyggingsavtalen er lagt ut i resepsjonen i rådhuset, og i digitalt planarkiv BRAPLAN. Ein finn link til BRAPLAN på www.meland.kommune.no. Velg Meland kommune og bruk planID eller plannamn til søk.
Merknader, kommentarar eller innspel må vere skriftlege og skal sendast til Meland kommune, Plan, utbygging og kommunalteknikk, Pb. 79, 5906 Frekhaug, eller som e-post til postmottak@meland.kommune.no Frist for å sende inn skriftlege merknader eller innspel er 5.6.2015. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova §17- 4.

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) – tilskot
Skogeigarar kan søkja om tilskot til tiltak innan nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Tiltaka kan med om anna brukast til

• skogkultur • vegbygging • miljøtiltak i skog
• andre aktivitetsfremjande tiltak i skogbruket
Føremålet med ordninga er å stimulera til auka verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivareteken, og utvikla vidare. Søknader handsamast fortløpande. For meir informasjon, sjå kommunens heimesider.

TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)

1. juni er søknadsfrist for SMIL – midlar for 2015

Meland kommune har fått løyvd kr. 180 000 til fordeling: Du kan søkja midlar til skjøtsel og restaurering knytt til kulturlandskap, kulturminne, verneverdige bygningar, tiltak som aukar opplevingsverdien i kulturlandskapet og betre tilgjenge. Fra 2015 er det nokre endringar i SMIL-ordningen. Du må oppfylle vilkår for å få produksjonstilskudd for å kunna søkja, dette inneber mellom anna at du har eit foretak som er registrert i Enhetsregisteret og driv vanleg jordbruksproduksjon. På leigejord må eigar ha gitt samtykke til gjennomføring av prosjekt eller tiltak. Kommunen vil prioritera søknadane i samsvar med lokal smilstrategi.

Grøftetilskot i jordbruket

God drenering er avgjerande for å kunne auke matproduksjonen i åra som kjem. Ein kan berre få tilskot til tidlegare grøfta jord. Tilskotssatsane er 1.000 kr/daa ved systematisk grøfting inkludert profilering eller omgraving. For usystematisk grøfting inkludert avskjæringsgrøfter er satsen 15 kr/meter. Berekna tilskot under 3.000 kr per søknad blir ikkje utbetalt. Søknader om tilskot til drenering skal sendast til kommunen på eige søknadsskjema. Fortløpande søknadsfrist. Ta kontakt med landbruksforvaltninga for meir informasjon.

For begge ordningane sjå kommunen sine heimesider for meir utfyllande informasjon. Ta kontakt med landbruksforvaltninga i Meland dersom du har spørsmål.
Søknadsskjema er å finna på www.slf.dep.no

LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune har elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkjarar. Nærare informasjon finn du på www.meland.kommune.no under ledige stillingar.

Har du lyst på spennande oppgåver i ein kommune i vekst

Meland kommune treng:

Meland heimeteneste:

Vernepleiarar – 100% fast, 2 stillingar

Meland sjukeheim:

Sjukepleiar – 80% vikariat

Sjukepleiar – ledige faste helgestillingar

Helsefagarbeidar – ledige faste helgestillingar

Kultur:

Guidar i Holmeområde - Engasjement

Ferievikarar:

Pleie og omsorg

Kjøkken Meland sjukeheim

Søknadsfrist: 24.05.2015

OPNE MØTE mai/juni 2015

	Dato	Kl.	Møtestad
Formannskapet	Onsdag 06.05	16.30	Kantina
Kommunestyret	Onsdag 06.05	17.00	Kantina
Utval for levekår	Onsdag 12.05	16.00	Formannskapsalen
Formannskapet	Onsdag 20.05	16.00	Formannskapsalen
Administrasjonsutvalet	Onsdag 03.06	15.00	Formannskapsalen
Formannskapet	Onsdag 03.06	16.00	Formannskapsalen
Utval for drift og utvikling	Tysdag 09.06	17.00	Formannskapsalen
Fellesrådet	Torsdag 11.06	14.00	Møterom 1
Kommunestyret	Onsdag 17.06	17.00	NHIL sitt klubbhus i Leirdalen

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommuneleova. Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta. Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettsider www.meland.kommune.no